



Forsand kommune  
Fossanvegen 380  
4110 Forsand

Kontakt saksbehandlar  
Maren Skåden, 51 56 88 32

## Svar på førespurnad om rettleiing av dei juridiske vurderingane i kommunelova § 39a nr. 3

Vi syner til e-post frå ordføraren i Forsand datert 28.1.2019 der Fylkesmannen blir bedt om å gjere ei vurdering av det juridiske i innbyggjarforslag fremja for Forsand kommune med heimel i kommunelova § 39 a.

Fylkesmannen har motteke kopi av innbyggjarforslag sendt Forsand kommune der det står at underskrivarane ønsker å halda kommunen samla og krev at det i Forsand kommunestyre "vert fremja ei sak om folkerøysting over spørsmålet: «Skal resten av kommunen fylgje nordsida/Kolabygda inn i Strand» kor svaralternativa er ja eller nei".

Spørsmålet frå ordføraren til Fylkesmannen er korleis ein skal vurdera vilkåret i kommunelova (kompl.) § 39 a nr. 3 om at det i same valperiode ikkje kan fremjast forslag dersom dette har:

*«b) samme innhold som en sak som er behandlet av kommunestyret [...] i løpet av valgperioden.»*

### Fylkesmannen si vurdering

Det er etter kompl. § 39 a nr. 3 siste setning kommunestyret sjølv som skal ta stilling til om forslaget er omfatta av bokstav a eller b. Vi vil likevel kort orientera om regelverket på området.

Vi vil først peika på at føremålet med føresegna om innbyggjarforslag er at innbyggjarane i ein kommune skal ha moglegheit til å setja saker på dagsorden i kommunen. Det blir, mellom anna i førearbeida til ny kommunelov Prop. 46 L s. 46, understreka at ordninga om innbyggjarforslag ikkje skal vera ein arena for omkamp om saker som allereie har vore politisk behandla. Føremålet med unntaka § 39 a nr 3 a og b har vore å sikra at dei ikkje blir brukt som eit middel til å få omkamp om allereie avgjorte saker. Lova inneheld likevel ikkje eit forbod mot at kommunestyret realitetsbehandlar slike initiativ. Kommunestyret har høve til dette, men innbyggjarane vil altså ikkje ha krav på at det blir gjort ei realitetsvurdering, jf. Prop 113 L (2013-2014).

I kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar «innbyggerforslag» står det følgjande om omgrepet «same innhald» på s. 11:



*«Begrensningen om "samme innhold" innebærer også at det må tas stilling til hvorvidt et forslag materielt sett er det samme som et forslag som tidligere er blitt behandlet. Det vil være vanskelig å regulere hvor "like" forslagene må være før det kan være aktuelt å avvise forslaget. Hvorvidt to forslag er identiske må derfor vurderes konkret i det enkelte tilfelle. Der det er tvil om lovens vilkår er oppfylt, må det således vurderes konkret om forslaget bør tas opp til behandling i kommunestyret eller fylkestinget. Her vil bestemmelsens formål kunne gi veiledning.»*

Rettleiaren frå kommunal- og moderniseringsdepartementet følgjer med som vedlegg til dette brevet.

Fylkesmannen kan eventuelt føre lovlegkontroll med vedtaket i etterkant av kommunestyret si avgjerd jf. kommunelova § 59.

Med helsing

Lone Merethe Solheim  
avdelingsdirektør

Maren Skåden  
fagleiar kommunalrett

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg

1 Rettleiar  
innbyggjarforslag

Kopi til:  
Forsand kommune

Adresseliste: